

# Strategisk plan for Hardingfela.no 2020-2022

Hardingfela.no set fokuset på hardingfela som instrument og musikken, dansen, miljøet og historikken knytt til instrumentet. Eit grundig førearbeid gjennom fleire år initierte ei samarbeidsavtale mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum i 2015 om å eige satsinga hardingfela.no saman. Spel- og dansarlag som t.d. Hardanger spelemannslag og Voss spelemannslag, kulturskular og andre ressurspersonar er viktige i satsinga.

## Hovudmål 2020-2022:

- Rekruttering og tradering innan folkedans, folkemusikk og felemaking
- Formidling av, og skapa auka interesse for folkedans, folkemusikk og felemaking.

**Spesiell målgruppe 2020-2022:** Born og unge under 25 år.

**Geografisk nedslagsfelt 2020-2022:** Vestland fylke. Utvikla tettare samarbeid med den nordlege delen av fylket. Samstundes ha god kontakt og dele informasjon og kunnskap med folkemusikk – og folkedansmiljøet ellers i Noreg.

**Organisasjon:** Utvikla og bestemma ein organisasjonsform som gavnar hardingfela.no

**Stillingar:** pr. 31.12.2019: 130 % stilling. Mål 2022: 300 %.

## Tiltak 2020-2022:



Vidareføra og utvikla **UngOsa**. Storkurs for born og unge under Osafestivalen. 5. gong i 2020.



Arrangera **årleg seminar** for instruktørar og kulturskulelærarar innan folkemusikk og folkedans. Tema 2020: Undervise små born



Vidareføra, utvikla og spreie kunnskap om **Nøringen**. Kulturskuletilbod for 4-6 åringar med kulturarv som hovudtema og folkemusikk og folkedans som den raude tråden.



Gjennomføra **Morgondagens felemakerar** saman med felemakarverkstaden på Voss. 6 ungdommar mellom 11-22 år skal hospitera på felemakarverkstaden på Ole Bull akademiet i 3 år og på den tida byggja seg si eiga fele.



Jobba for at felemaking står på programmet ved høvelege arrangement hjå Ole Bull Akademiet, Hardanger og Voss museum og andre samarbeidspartar. Vera samarbeidspart for **nettverkssamlingar for felemakarar** i dag



Sjå på moglegheitene for å vidareføre og utvikle **Master Class Hardanger**, t.d. samarbeid med Griegakademiet i høve talentutvikling, fordjuping innan folkedans, Master Class Folkedans o.l.

Vera med i **ressursgruppa for Bygda dansar** i Hordaland og støtta opp om Bygda Dansar. Vidareføring og vidareutvikling av **Folkedanssalong og Oldefars Dansemoves**, m.a. på dei ulike museumsavdelingane Oppfylging av **samarbeidsprosjekt** som er satt i gang innan folkedans

Vidareføre og utvikla "Felefylgje", **folkemusikk og folkedans i museumstuna**. Spele-og danseoppdrag for unge og lovande, samt profesjonelle folkemusikarar-og dansarar. Delta i utvikling av **ny folkemusikkutstilling** ved Hardanger Folkemuseum på Utne

